

Jorunn & Jostein Dyrkolbotn  
Dyrkolbotn 50  
5994 Vikanes

Lindås Kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

<b>LINDÅS KOMMUNE</b>	
Klassering	
07.07.2015	
Ans. saknr. 14/7875	Løysnr.
Beskriv.	Tilgangskode

Dyrkolbotn 04.07.2015

Dykkar referanse: 14/7875 – 15/22168

**Klage på vedtak: Løyve til tiltak utan ansvarsrett - Driftsbygg – gbnr 247/10**

Syner til Dykkar vedtak til "Løyve til tiltak utan ansvarsrett – Driftsbygg – gbnr 247/10"  
I vedtaket er det under avsnitt og "vatn og avløp (VA)", vist til at Lindås Kommune har gjeve *utsleppsøyve på vilkår i delegert vedtak jf. saksnr: 273/15, datert 23.06.15*".

Det er for underteikna ukjent på kva vilkår Lindås Kommune har gjeve utsleppsøyve til heimelshavar av gbnr 247/10. Underteikna er ikkje gjeve melding om verken vilkår for utsleppsøyve eller kva som elles inngår i delegert vedtak jf. saksnr: 273/15, datert 23.06.15".

Underteikna er heimelshavar til ein bustadtomt gbnr 247/11.  
Denne bustadtomten er nabo til gbnr 247/10 og 247/1 og 247/2.  
Underteikna er i usignert brev datert 26 juni 2015 ( vedlegg 1) frå heimelshavar til gbnr 247/10 (Signhild Dyrkolbotn), gjort oppmerksom på at ho planlegger kloakkutslepp og kloakkreinseanlegg på min tomt gbnr 247/11. Dette i forbindelse med planlagt driftsbygg for geiter.  
Planlagt kloakkutslepp og kloakkreinseanlegg framkjem i fjerde avsnitt i det usignerte brevet datert 26 juni 2015 ( vedlegg 1), frå heimelshavar til gbnr 247/10 (Signhild Dyrkolbotn).

Underteikna har ikkje gjeve tillatelse til verken kloakkutslepp og/eller kloakkreinseanlegg på min bustadtomt gbnr 247/11. Eg er heller ikkje varsla om noko slikt.  
Kloakkutslepp og kloakkreinseanlegg vil fullstendig øydeleggja tomten.

I Skyldskifte av 7 januar 1974 for min bustadtomt gbnr 247/11, er det under kapittelet "rettar og plikter" punkt 5 anført følgande: *Bnr 10 har rett til legga lovlege installasjonar for vatn og kloakk på eller gjennom parsellen. Desse bør i tilfelle ikkje vera til ulempe for parselleigarane.*

Det påberopast med dette, at for underteikna som heimelshavar til gbnr 247/11, vil det planlagte kloakkutslepp og kloakkreinseanlegg, vera til stor ulempe. Dette fordi tomten min (gbnr 247/11), vil bli øydelagt.

Det er med stor undring ein registrerer det er gjeve byggjeløyve til driftsbygg for geiter, der min tomt (gbnr 247/11) er ein vesentleg del av kloakkløysinga. Dette utan at eg har gjeve løyve til nytta tomten min til dette.

På grunnlag av ovanfor redgjørelse, blir det med dette klaga på Lindås Kommune sitt vedtak om "Løyve til tiltak utan ansvarsrett – Driftsbygg – gbnr 247/10".  
Me ber om at løyve blir trekt tilbake og at korrekt sakshandsaming blir gjennomført.

Fullmaktshavar til gbnr 247/1, har overfor underteikna, foreslått makebyte av tomteareal.  
Underteikna forutsatte då at eit eventuelt makebyte skulle vere gjennomførast med makebyte av jamnstore areal. Dette blei avist av heimelshavarar til gbnr 247/10.

Vedlegg: 1 stk

Med vennleg helsing

Jorunn Dyrkolbotn  
Heimelshavar til gbnr 247/11

*Jorunn Dyrkolbotn*

## FRAMLEGG 29. JUNI 2015

Vi drøftar to ulike saker som ikkje har noko med einannan å gjere i realiteten.

Likevel koblar vi drøftingane saman. Dette for at begge partar skal få ordna ting som er viktige for dei, utan meir strid og rettsaker, og at begge partar skal få motivasjon til konstruktivt naboskap frametter. Sjur Dyrkolbotn har på dette grunnlaget sagt seg villeg til å akseptere ordningar som skissert under, i korrespondanse med Signhild

### SAK 1:

Jorunn Dyrkolbotn overfører i dag heimelen til gnr 247 bnr 11 til Sjur Dyrkolbotn som eigar av gnr 247 bnr 1. Dette i samsvar med hennar skøyte frå 1974. Sjur har allereide skrive skøyte til Signhild Dyrkolbotn som eigar av fjellstova i 2008, og dette skøytet kan då tinglysast.

Tomta er disponert til kloakkrenseanlegg i kommunen sin arealplan, og dette er no aktuelt, i lag med eventuell annan bruk for fjellstova.

### SAK 2:

Jorunn og Jostein får ryddige eigedomstilhøva rundt huset sitt, på gnr 246 bnr 14. Kartutsnitt frå Norgeskart.no pr 29.06.2015 kan vise ei sidelengs forskyving av tomtegrensene, men det synest likevel klart at det er bygd og disponert utafor eigedomsgrensene til bnr 14. Framlegg til ordning:

- a) Skyldskiftet frå 1977 syner ei mindre tomt (om lag 1,8 da) enn målebrevskart frå 2005 (om lag 2,15 da). Utvidinga ser ut til å koma av at grensemerke D er flytta 13,6 meter austover. Sjur vert beden om å erklære at han godkjenner målebrevskartet frå 2005.
- b) Jorunn og Jostein får overta eit trekant-areal slik at den vesle garasjen og tidlegare containar aust for gardsvegen kjem på eigen grunn. Sjå vedlagde skisse.
- c) Jorunn og Jostein får overta eit areal/tomt sør for huset på om lag 800 m<sup>2</sup>, jamfør vedlagde skisse. Tomta skal vere oppå plataet, og ikkje ned til den store flata som går frå vegkrysset ved E39. Nærare utplassering i samarbeid med kommunen/kartforretning.

### ATTERHALD:

Etter 2 a-c ovanfor kjem heile vegen innpå tomta.

Sjur ynskjer då å halda att vegrett for å kunne nytte vegen forbi bnr 14 når det er naudsynt. Det vil sei: ikkje til dagleg trafikk, men dersom til dømes vegen oppover mot Nipeskaret må vølast. Dersom det vert naudsynt å kome innom arealet for å få grøfta ut vatn, må dette også tillatast. Dei frådeltte parsellane har gjerdeplikta for sin eigedom.

Sak 2 a-c krev at offentleg myndigheit godkjenner planane og tillet frådelling.

Det er Jorunn og Jostein som lyt ta arbeidet og risikoen med å få dette til. Men Sjur (og Signhild) skal hjelpe til etter beste evne, herunder underskrive dei dokument som trengst.

Om ikkje frådelingsmyndigheitene skulle godkjenne 2 a-c ovanfor, får Jostein og Jorunn leige arealet i 9 år for ein symbolsk sum (100 kr?). Og det kan søkjast på nytt om frådelling innan 10 år frå no.